



Kystverket

Att:

Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Uttale til søknad om etablering av kraftkabel i sjø mellom Juvik og Fosse i Alver kommune

Vi viser til brev frå Kystverket datert 05.01.22 om søknad frå Jøsok Prosjekt AS på vegne av BKK Nett AS datert 14.12.21.

Om søknaden

Søknaden gjelder etablering av ein 22 kV armert sjøkabel 3x240 Cu mellom Juvik og Fosse i Alver kommune. Sjøkabelen vil erstatte eksisterande fjordkryssande luftlinjer over Alversundet. Søker opplyser at kabelen er tung nok til å plasserast å botn utan lodd. Ved land vil den forankrast i fjell/stein.

Fiskeridirektoratet region Vest sin rolle

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Vår vurdering

I kartverktøyet vårt [Yggdrasil](#), finn ein informasjon om mellom anna kystnære fiskeridata og kartlegging av marint biologisk mangfald. Vi kan ikkje sjå at sjøkabelen vil komme i konflikt med fiskeriinteresser, men kabalen vil krysse eit lokalt viktig gytefelt for torsk (Randsundet).

Torsken gyt i perioden frå og med månadsskifte januar/februar til og med april, og yngelen bunnslår og veks opp i grunne områder i nærleiken av gytefeltet i perioden mai til juni. I dette tidsrommet er yngelen ekstra utsatt for ytre påkjenningar. Det er opplyst at arbeidet skal utførast i april 2022. I utgangspunktet er det ønskjeleg at arbeid som kan forstyrre gytande fisk utførast utanom gyte- og oppvekstperioden. Men ettersom det berre skal gå føre seg i nokon timar vurderer vi at kabelen kan leggast ut i det planlagde tidsrommet. Fiskeridirektoratet region Vest føreset likevel at arbeidet utførast med varsemnd.

Vi ber om å få kopi av vedtak i saken.

Med hilsen

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Charlotte Skeide Norseng
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten håndskreven underskrift.

KOPPI



Mottakerliste:

Kystverket

Postboks 1502

6025 ÅLESUND

Kopi til:Alver kommune
Fiskarlaget VestPostboks 4
Slottsgaten 35906 FREKHAUG
5003 BERGEN

KOPPI

